



Gode Lionsvenner i 104C

Månadsbrev april 2021

"Jeg velger meg april" skreiv Bjørnstjerne Bjørnson. Eg for min del vel meg "Kom mai du skjønnne milde". Etter ein kald april med snø og nordavind håpar eg no på ein fin og varm mai måned. Den finaste tida på året er når det "Livnar i lundar og lauvast i li".

Klubb og sone

Dei aller fleste klubbane har måtta avlysa klubbmøta i april også. Men eg håpar på at mai- og junimøta kan gå nesten som normalt. No er det jo fint å møtast ute også. Sonemøta har vore ei utfordring då mange sonar dekkar fleire kommunar. Som kjent så er det ikkje anbefalt å reisa på møte over kommunegrensene. Men det er ei anbefaling og av og til er det nødvendig og treffast.

Tulipanaksjonen

Vel overstått Tulipanaksjon og tusen takk til alle klubbar og medlemmer som var med og feira Tulipandagen på ein eller annan måte. Eg for min del syntest det var utruleg kjekt å stå på stand igjen, treffa folk og fortelja om Lions og "Mitt Valg". Tulipanane gjekk unna som "varmt kveitebrød". Tulipanaksjonen er eit kjent og godt innarbeidd varemerke som er lett å "selja". Ønskje mitt for neste år er at alle klubbane stiller på stand og bestiller tulipanar som aldri før.



LC Os feirar Tulipandagen

Eg håpar at dei klubbane som valde bort tulipanaksjonen på grunn av pandemien er med og bidrar til Tulipanfondet likevel. For at "Mitt Valg" skal kunna tilby nok kurs er støtta til tulipanfondet kjempeviktig. Dersom du ikkje fekk anledning til å støtta aksjonen er ikkje det for seint. Ved å følgja lenka kan du vera med å bidra. <https://www.lions.no/tulipanaksjon>
Hugs at: **"Det er bedre å bygge barn enn å reparere voksne"**

Opplæring

I mai og juni vil det bli opplæring for dei som går på som presidentar i Lionsåret 2021/2022. Opplæring er viktig og nødvendig. Til og med for dei som "kan og veit alt" og som har vore presidentar mange gongar. Me planlegg 3 møte og håpar dei blir fysiske. Dette er tenkt å få til på Bryne, i Haugesund og i Bergen. Meir om dette til dei det gjeld om ikkje så lenge.

Distriktet

Distriktsmøtet 2021 vart gjennomført 17. april som eit hybridmøte. Eg var både spent og uroleg for arrangementet, for dette hadde me aldri gjort før. Det var nokre utfordringar med lyden, men trur det ordna seg for dei fleste etter kvart. Etter tilbakemeldingar å døma, så gjekk møtet greitt. Så tusen takk til alle som var med og fekk distriktsmøtet vel i hamn.

Gratulera til alle som vart valt inn i ulike verv.

Og tusen takk for tilliten Distriktsmøte viste meg med å gje meg muligheten til å vera Distriktsguvernør eit år til for dette flotte Distriktet.

Ungdomsprisen



LEO Club Sandnes/Riska fekk tildelt Ungdomsprisen som er på kr 10.000. LEO-klubben vart starta rett før pandemien slo til. Likevel har dei fått utretta utruleg mykje til beste for sine medmenneske og for samfunnet.

Gratulera så mykje til flotte og engasjerte ungdommar.

Alexander Rognstad og Kjell Olav Skretting mottok prisen på vegne av klubben

Ildsjelprisen

Årets Ildsjel er Terje Pedersen frå LC Sotra

"Ildsjelprisen 2020-21 tildeles mannen med det store hjertet! Prisen tildeles for din innsats for egen klubb, og for engasjement i felles aktiviteter både i sone- og på distriktsnivå. Du har gått foran og vist vei gjennom 40 år, både lokalt, i distriktet og internasjonalt. Lokalt har du vært en viktig bidragsyter til et godt klubbmiljø gjennom å arrangere en rekke aktiviteter som bowlingkvelder, teaterturer, klubbturen til Tråastølen og kurvfester for å nevne noe.

Vanskeligstilte både lokalt og internasjonalt har fått gleden av ditt engasjement. Lokalt har du stått for utdeling av matkasser til vanskeligstilte familier gjennom 10 år. Internasjonalt har du vært en ildsjel fra starten av Julekaravanen, og har vært en viktig bidragsyter, støttespiller og pådriver i prosjektet.

Gjennom 23 år i hyttestyret på Tråastølen har din dugnadsinnsats satt varige spor. Utallige turer opp på Hardangervidda for å fikse og få i gang generator, åpne og stenge hytten eller omfattende dugnadsarbeid for å sette hytten i bedre stand. Til stor glede for brukerne.

Ditt engasjement for lokalmiljøet strekker seg også utenfor Lions. Innsats i kommunestyre, drift av Grendahuset på Forland og ikke minst engasjement for fotballaget Hald gjennom 20 år til glede for barn og unge." (Ført i penn av Annette Pemmer)



Ditt engasjement smitter, inspirer og imponerer.

Tusen takk for innsatsen !

Riksmøte



Riksmøte er, som alltid, siste helga i mai. Møtet blir eit hybridmøte på Zoom. No har me fått litt trening i denne møteforma så det går nok bra. Eg håpar at alle klubbar melder på delegatar. Det er mange viktige saker som skal behandlast og vedtas. Det vil bli lagt opp til interessante og lærerike seminar under Riksmøte. Så bli med.

Alle kan melda seg på og følgja møtet på Zoom uavhengig av om ein er delegat eller ikkje. Det vil bli sendt ut e-post om påmelding om ikkje lenge. Det har aldri vore enklare og billigare å delta på Riksmøte.

Med å følgja lenka under, kan du lesa meir om Riksmøte og sakene som skal opp.

<https://gnist.styreweb.com/org/4425/3367/articlecategories/2/3167/24310>

LCIF - dagen



12. juni er LCIF dagen. Lansert som " Lions Internasjonale Vaffeldag". Alle klubbar skal denne veka ha motteke informasjon om Vaffeldagen. Dette kan bli ein fin måte å avslutta eit år med få aktivitetar på. Feir Vaffeldagen på samme måten som Tulipandagen. Ta omsyn til gjeldande smittevernsreglar og flytt gjerne aktiviteten til ein annan dag om det passar betre.

Målet med Vaffeldagen er å synleggjera Lions sitt internasjonale engasjement og ikkje minst vera med å bidra så me kan styrka **Lions Clubs International Foundation - LCIF** sin økonomi. Når ein katastrofe rammar, er Lions ein av dei første som er på plass. Me har frivillige over heile kloden som står klar til å hjelpa. Ta kontakt med Distriktet sin C-100 koordinatør, Marwin Hopland, marwin.hopland@gmail.com , dersom det skulle vera spørsmål til dette.



Beste Lionshelsing og ønskje om ein fin mai månad til alle frå Gunnhild

Distriktsguvernør 104C 2020-2021

Telefon: 90 79 67 47 - e-post: c.dg@lions.no

Hugs det - We serve